



Lotterinemnda

Vedtak i Lotterinemnda 9. april 2018

Sak

2018/0017 Randaberg Forsamlingshus – org. nr. 971 424 834 – klage over avslag på søknad om merverdiavgiftskompensasjon

Til stades: Vara for leiar Audgunn Syse, medlem Åse Gustavsen og medlem Ingjald Sørhøy

Bakgrunn for saka

Randaberg Forsamlingshus (klagar) søkte 29. august 2017 om merverdiavgiftskompensasjon for 2016.

Lotteritilsynet avslo søknaden 13. september 2017. Avslaget var grunngeve med at klagar ikkje var registret i Frivillighetsregisteret innen fristen 1. september.

Det vart framset klage 9. november 2017. Klager viste til at dei hadde meldt inn endringar i registermeldinga 28. august 2017, men at dei fekk tilbakemelding om at denne ikkje vart korrekt utfylt. Organisasjonen si sekretær vart bortreist, men papira med dei opplysningane som vart nødvendige for registermeldinga blei sendt inn så raskt som mogleg. Det vises til klagen i sin heilhet.

Lotteritilsynet har ikkje funnet grunn til å gjere om vedtaket sitt. Klagen med innstilling frå Lotteritilsynet vart sendt til Lotterinemnda 16. januar 2018.

Lovgrunnlag

Det rettslege grunnlaget for ordninga er forskrift 15. april 2013 nr. 386 om merverdiavgiftskompensasjon for frivillige organisasjoner.

Det går fram av forskriften § 7 at: "For å kunne søke om og få utbetalt kompensasjon for kostnader til merverdiavgift på varer og tjenester må søker (sentralledd eller enkeltstående søker) være registrert i Frivillighetsregisteret. Søker må være registrert i Frivillighetsregisteret innen søknadsfristen 1. september og være registrert ved utbetalingstidspunktet."

Etter forvaltningsloven § 34 kan klageinstansen prøve alle sider av saka og ta omsyn til nye opplysningar. Klageinstansen kan sjølv treffe nytt vedtak i saka eller oppheve det og sende saken tilbake til underinstansen til heilt eller delvis ny behandling.

Lotterinemnda si vurdering

Postadresse

Postboks 511 Sentrum
5805 Bergen

Besøksadresse

Zander Kaaes gate 7
5015 Bergen

Tlf.: 55 19 30 00

E-post: post@knse.no

Klagen til Randaberg Forsamlingshus gjeld Lotteritilsynet sitt vedtak 13. september 2017 om å avslå søknad om merverdiavgiftskompensasjon.

Av forskriften § 7 andre ledd går det fram at søker må være registrert i Frivillighetsregisteret innen 1. september. Ordlyden i forskriften og praksis fra nemnda og Lotteritilsynet tilseier at det ikke er tilstrekkeleg at klagar innen fristen har sendt søknad om registrering i registeret, det må foreligge faktisk registrering. Sjå til eksempel Lotterinemnda sitt vedtak i sak 2016/018.

Lotteritilsynet har lagt til grunn opplysningar frå Brønnøysundregisteret der det går fram at klagar var registret i Frivillighetsregisteret 22. september 2017. Klagar har vist til at dei melde inn endringar i registermeldninga 28. august 2017, men at dei fekk tilbakemelding om at denne ikke var korrekt utfylt. Det er søker som har ansvar for at faktisk registrering foreligger innen 1. september, noe som også er stadfesta i tidlegare vedtak frå Lotteritilsynet og Lotterinemnda.

Lotterinemnda finner på denne bakgrunn at klagar ikke oppfylte vilkåret om å søke eller motta merverdiavgiftskompensasjon for 2016 då faktisk registrering i Frivillighetsregisteret ikke forelå før 22. september 2017.

Konklusjon

Lotterinemnda har, etter ei konkret vurdering av opplysningane i saka, stadfesta Lotteritilsynet sitt vedtak.

Vedtak

Klagar får ikke medhald.

Dokumentet er godkjent elektronisk